

Saksbehandlar: Elisabeth Aune, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/12849-2

Høring av forslag til innretning på havbruksfondet

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Departementet har lagt opp til ei brei og grundig offentleg høyring av korleis eit Havbruksfond skal innrettast.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser ikkje noko problem med at fordelingsnøkkel for utdeling av inntektene frå Havbruksfondet vert fastsett sentralt av departementet, og ikkje regionalt.
3. Fylkeskommunen ser at den kommunale planlegginga og tilrettelegging for nye areal til oppdrettsverksemd kan vere ein flaskehals for vidareutvikling av oppdrettsnæringa i fylket. Det er kommunane som har det viktigaste rolla som arealplanleggarar, og Sogn og Fjordane fylkeskommune står difor Departementet sitt framlegg om fordeling mellom fylkeskommunar og kommunar; 70 prosent til kommunane og 10 prosent til fylkeskommunane (20 prosent til staten).
4. Som utbetalingsmodell meiner Sogn og Fjordane fylkeskommune tal på det fysiske arealbeslaget er den modellen som i størst grad vil stimulere kommunane til å planlegge for nye og *større* akvakulturområde. Eit problem med eksisterande arealplanar er at akvakulturområda er for små, og at det må søkjast dispensasjon i veldig mange saker ved endring eller utviding av anlegg.
5. Ein utbetalingsmodell basert på lokalitets MTB vil òg vere rettvís i den forstand at kommunar med stor oppdrettsaktivitet får størst inntekter frå fondet. Men vi vil peike på at kommunane si rolle er å planlegge sjøarealet, dei har ingen reell påverknad på kor stor produksjonskapasitet det blir gitt løyve til på den enkelte lokalitet (lokalitets MTB).
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner kommunane må få utbetalt sin del av fondet så snart pengane er innbetalt; direkte utbetaling annakvart år. Fordi det sikrar kommunane sitt handlingsrom til å disponere eigne inntekter frå fondet.
7. Vi meiner insentiveffekten er tilstrekkeleg ivaretatt om fondet vert fordelt fullt ut etter fysisk arealbeslag eller eksisterande lokalitets MTB. Ei problemstilling departementet ikkje har diskutert, er om kommunar som per i dag har, eller i framtida vil få, store areal definert som «branngater» burde bli tilgodesett på eit eige vis.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Uprenta vedlegg:

1 Høring av forslag til innretning på havbruksfondet datert 10.12.2015

2 Meld. St. 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett «Havbruksmeldinga»

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Nærings- og kystdepartementet har sendt på høyring eit notat som drøfter korleis det nyoppretta Havbruksfondet skal innrettast, med frist for svar 18. februar 2016.

Havbruksfondet sine inntekter kjem frå vederlag til staten ved tildeling av auka produksjonskapasitet til eksisterande oppdrettsløyve eller til nye løyve for oppdrett av laks, aure eller sjøaure i sjø. Av det totale vederlaget går 80 prosent som inntekter til Havbruksfondet, og skal fordelast på kommunal sektor. Storleiken på inntektene vil avhenge av kva pris som blir satt på produksjonsauken, og kor stor vekst det opnast for, men Departementet anslår mellom 50 millionar og 3 milliardar annakvart år.

I «Havbruksmeldinga» (Meld. St. 16 (2014-2015)) presenterer regjeringa eit nytt system for justering av kapasiteten i oppdrettsnæringa basert på miljøindikatorar, handlings-regler og ei inndeling av kysten i produksjonsområde.

Den miljøindikatoren som vil vere styrande for vekst dei næraste åra er lakselussituasjonen. Dersom næringa klarer å få betre kontroll på lakselusa vil mange produksjonsområde kunne opnast for vekst, og inntektene til fondet vil kunne bli betydelige.

Regjeringa sin intensjon er at havbruksfondet skal sikre ei rimelig fordeling av vederlaget for auka kapasitet i oppdrettsnæringa på alle kommunar med oppdrettsverksemd og stimulere kommunane til å gje tilgang til egna lokalitetar. Fondet må vere enkelt å administrere, og gje kommunane mest mogeleg føreseielege inntekter.

Departementet har sett følgjande avgrensingar og premissar for drøftingane om innretninga for havbruksfondet:

- Berre kommunar og fylkeskommunar med oppdrett av laks, aure eller sjøaure i sjø bør ha krav på ein del av havbruksfondet.
- Framtidig konvertering av utviklingsløyve vil inngå i fondet på same måte som utbytte av ordinære løyve (dette er litt fram i tid, da det kan gå opptil 15 år frå tildeling til eventuell konvertering av desse løyva).
- Vederlag for alle løyve og kapasitetsauke som vert tildelt frå 1.1.2016 skal inngå i fondet (ikkje kapasitetsauken som vart gitt i 2015).
- Det er lagt opp til at kysten blir delt inn i 11-13 produksjonsområde, der etablerte miljøindikatorar skal gi grunnlag for å vurdere vekst i det enkelte produksjonsområde annakvart år.
- Inntekter frå framtidige kapasitetsauke bør fordelast på alle fylkeskommunar og kommunar med oppdrettsverksemd, uavhengig av om kommunen/fylkeskommunen ligg i det området kor kapasiteten vert auka, redusert eller blir uendra.
- Alle kommunar/fylkeskommunar skal få ein del av fondet, ikkje berre dei som legg til rette for nye lokalitetar.
- Eventuelt framtidige «Branngatekommunar», eller kommunar med oppdrettsfrie områder som skal fungere som barriere mot spreiding av parasitter og sjukdom, bør få ein del av inntekter frå framtidig auke i kapasitet.

2. SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR

Regjeringa vil legge til rette for vidare vekst i oppdrettsnæringa. Ein av føresetnadane for dette er tilgang på tilstrekkelig og eigna areal, og difor meiner ein at kommunar som stiller areal til rådvelde for havbruksnæringa bør oppleve større positive ringverknader frå aktiviteten og få tilført store deler av vederlaget for nye konsesjonar.

I «Havbruksmeldinga» (Meld. St. 16 (2014-2015)) presenterer regjeringa eit nytt system for justering av kapasiteten i oppdrettsnæringen basert på miljøindikatorar, handlings-regler og ei inndeling av kysten i produksjonsområde. Næringskomiteen sa i si innstilling til meldinga at vederlaget for tildeling av ny kapasitet skal fordelast mellom stat og kommunal sektor; der staten får 20 prosent og kommunal sektor 80 prosent.

Høyringsnotatet drøfter ulike fordelingsnøklar for utbetaling av midlane i fondet og storleik og frekvens på utbetalingane.

1. Ulike fordelingsnøklar

- a) Mellom fylkeskommunar og kommunar; Stortinget har i si handsaming føresett at framtidig vederlag for kapasitetsauke skal fordelast med 20 prosent til staten, 10 prosent til fylkeskommunane og 70 prosent til kommunane.
- b) Modellar for utbetaling til kommunar
 - Lik fordeling på alle kommunar, uavhengig av oppdrettsaktivitet.
 - Fordeling basert på lokalitetsbiomasse (lokalitets-MTB). Der det er kor stor kapasitet lokalitetane er klarert for som avgjer inntektene. Denne modellen vil gje kommunar med mest oppdrett dei største inntektene.
 - Fysisk arealbeslag. Der arealet av oppdrettsanlegga avgjer inntektene til kommunen. Denne modellen vil òg gje kommunar med mest oppdrett dei største inntektene.
 - Slaktevolum Fordeling etter slaktevolum vil bety at fordelingsnøkkelen blir knytt til verdiskaping, og det vil vere dei kommunane med dei mest produktive lokalitetane som blir premiært
- c) Mellom fylkeskommunar. Departementet drøfter berre lik fordeling eller fordeling etter lokalitets MTB

2. Storleik og frekvens på utbetalingar frå fondet

- Direkte utbetaling. Der utbetaling til kommunane skjer når fondet har fått sine inntekter innbetalt. Dette vil bety at kommunane får ei utbetaling frå fondet annakvart år, og det vil vere variasjonar i sum frå gong til gong.
- Fast utbetaling med denne modellen inneber at det utbetalast eit fast årleg beløp. Beløpet må vere så lavt at fondet ikkje står i fare for å gå i minus, og det kan innebære at store midlar blir heldt attende.
- Prosentvis utbetaling til forskjell frå modellen med fast utbetaling vil storleiken på utbetalingane variere med storleiken på sjølve fondet, men sikrar mindre variasjon enn modellen med direkte utbetaling.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

3.1 Sentralt eller regional fordeling?

Eit alternativ til at departementet fastsett ein fordelingsnøkkel er at kommunane sjølve blir einige om ein fordeling, gjennom til dømes regionråd. Ei fordeling ut til regionane må uansett ha ein fordelingsnøkkel, og ei slik ordning vil føre med seg meir administrasjon. Departementet har lagt opp til ei brei og grundig offentleg høyring av denne saka, så Sogn og Fjordane fylkeskommune ser difor ikkje noko problem med at departementet fastsett fordelingsnøkkel for utbetaling av inntektene frå Havbruksfondet

3.2 Ulike fordelingsnøklar

a) Fordeling mellom fylkeskommunar og kommunar

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at den kommunale planlegginga og tilrettelegging for nye areal til oppdrettsverksemd kan vere ein flaskehals for vidareutvikling av oppdrettsnæringa i fylket. Det er kommunane som har det viktigaste rolla som arealplanleggarar, og Sogn og Fjordane står difor Departementet sitt framlegg om fordeling mellom fylkeskommunar og kommunar; 70 prosent til kommunane og 10 prosent til fylkeskommunane (20 prosent til staten).


b) Modellar for utbetaling mellom kommunar

Det er eit ønskje å finne ein fordelingsnøkkel som gir ei rimelig fordeling på alle kommunar med oppdrettsverksemd, samstundes som ein vil stimulere kommunane til å legge til rette for nye og egna areal. Det er rimeleg at kommunar med størst oppdrettsaktivitet får den største delen av inntektene, og da er det etter vårt syn fordeling etter lokalitets-MTB eller areal som gjer det rettaste resultatet.

Fordeling etter lokalitets MTB

Samla Maksimalt Tillatt Biomasse (MTB) på lokalitetsnivå for kommersielle løyve til oppdrett av laks aure og regnbogeaure var per 10.11.2015 på 3,04 millionar tonn. Det er på landsbasis store variasjonar i storleik, frå 8.580 tonn til 325 tonn. I Sogn og Fjordane er den største lokaliteten klarert for 5460 tonn. Vårt fylke har 7,91 % av den totale lokalitetsbiomassen i landet. Fordeling mellom fylka går fram av figur 1.

Med eit eksempel der ein for enkelheits skuld sett inntekter frå tildeling av ny kapasitet i eit år til 1 milliard kroner, vil inntektene ved fordeling basert på lokalitets MTB for kommunane i Sogn og Fjordane fordele seg slik det er vist i figur 2.



Figur 1 Fylkesvis lokalitets MTB

Figur 2. Kommunevise inntekter ved fordeling basert på lokalitets MTB

Fysisk arealbeslag

I følgje berekningar utført av Nofima er det fysiske arealbeslaget av havbruksnæringa inklusiv forankring 0,5% av samla sjøareal innafor grunnlinja, likevel er areal ein *reell knappheits faktor*. Næringa treng tilgang på tilstrekkeleg og egna areal for å vekse vidare.

Teikningane av anlegg som ligg til grunn for godkjenning av lokalitetane vil lett kunne gje eit tal på arealbeslaget. Departementet meiner dette likevel vil vere meir krevjande samanlikna med ei fordeling basert på lokalitets-MTB, og trur fordelinga av inntekter mellom kommunane vil bli nokså lik for dei to løysingane, og at incentiveeffekten vil vere samanliknbar.

Fordeling etter lokalitets MTB vil vere enklast å administrere, og det synes som om det er denne løysinga Departementet føretrekk, men etter vårt syn vil ei fordeling etter areal ha den største incentiveeffekten for planlegging og tilrettelegging av nye areal til oppdrettsverksemd. Vi trur ei fordeling etter arealbeslag i større grad vil stimulere kommunane til å planlegge for nye og *større* akvakulturområde enn fordeling etter lokalitets MTB. Eit problem med eksisterande arealplanar er at akvakulturområda er for små, og at det må søkjast dispensasjon i veldig mange saker ved endring eller utviding av anlegg.

c) Fordeling mellom fylkeskommunar

Per 10.11.2015 var det 11 fylkeskommunar i Norge med oppdrettsverksemd, kor det var klarert lokaliteter til oppdrett av laks, aure eller regnbogeare i sjø.

Departementet har illustrert kor store inntektene til fylkeskommunane kan bli med ei fordeling på 10 prosent, for to ulike modellar; lik fordeling og fordeling etter lokalitets MTB. For enkelhets skyld er inntektene frå tildeling av ny kapasitet i eit år sett til 1 milliard kroner.

Fylkeskommune	Lokalitets-MTB	Andel total lokalitets MTB	Kr basert på 100 mill kr og fordeling etter lokalitets-MTB	Kr basert på 100 mill kr og lik fordeling
Aust-Agder	1495	0,05 %	49140	9 090 909
Vest-Agder	31 980	1,05 %	1 051 170	9 090 909
Rogaland	173 480	5,70 %	5 702 219	9 090 909
Hordaland	457 165	15,30 %	15 026 832	9 090 909
Sogn og Fjordane	240 690	7,91 %	7 911 385	9 090 909
Møre og Romsdal	285 798	9,39 %	9 394 051	9 090 909
Sør-Trøndelag	346 060	11,37 %	11 374 855	9 090 909
Nord-Trøndelag	250 340	8,23 %	8 228 577	9 090 909
Nordland	608 410	20,00 %	19 998 195	9 090 909
Troms	400 285	13,16 %	13 157 209	9 090 909
Finnmark	246 622	8,11 %	8 106 367	9 090 909
Total	3042325	100,00 %	100000000	99 999 999

Tabell 1: Fordeling på fylkeskommunar basert på inntekter på 100 mill. kroner og basert på lik fordeling eller fordeling etter andel av total lokalitets-MTB (Kilde for lokalitets-MTB: Akvakulturregisteret, Fiskeridirektoratet)

3.3 Storleik og frekvens på utbetalingane frå fondet.

Eventuelle framtidige kapasitetstildelingar vil kunne skje annakvart år, og gje fondet inntekter. Departementet beskriv tre modellar for utbetaling frå fondet:

- Direkte utbetaling anna kvart år, når fondet får sine inntekter innbetalt.
- Fast utbetaling
- Prosentvis utbetaling

Fast utbetaling og prosentvis utbetaling avgrensar kommunane sitt handlingsrom til å disponere egne inntekter frå fondet. Kommunane vil i realiteten tape pengar fordi det ikkje reknast renter mellom innbetaling og utbetaling i statsbudsjettet. Dette kan ein unngå ved å opprette eit fond i ordet sin rette forstand, men det vil igjen vil krevje meir administrasjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner difor modellen med direkte utbetaling vil gagne kommunal sektor best, og ser det ikkje som noko stort problem at summen på utbetalingane vil variere.

3.4 Tilstrekkeleg incentiveeffekt

Departementet ønskjer innspel på om incentiveeffekten er tilstrekkeleg ivaretatt om fondet fordelast fullt ut etter eksisterande lokalitets MTB eller andre fordelingsnøklar, og skisserar tre alternativ som kan sikre i større grad at kommunar legg til rette for akvakultur, og at kommunane kan auke sin del av fondet;

- Reservere ein del av kommunane sine inntekter til fordeling på kommunar som har klarert nye lokalitetar eller utvida eksisterande.
- La nye lokalitetar telje dobbelt samanlikna med eksisterande. Dette vil truleg vere enklare å administrera enn sette av ein adel av fondet til kommunar som har auka lokalitets MTB.
- Ein del av fondet vert fordelt på kommunane kor auka konsesjons- MTB vert teke i bruk. Denne inntekta delast på vertskommunane uavhengig av lokalitets MTB. Dette ble gjort når inntektene frå dei grønne konsesjonane ble fordelt, og for auka i MTB på 5% i 2015.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner ei meir kompleks administrasjon av fondet ikkje nødvendigvis vil synast igjen i kommunane si tilrettelegging av akvakulturområde. Ei problemstilling departementet ikkje har diskutert er om kommunar som per i dag har, eller i framtida vil få, store areal definert som «branngater» burde bli tilgodesett på eit eige vis.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Departementet har lagt opp til ei brei og grundig offentleg høyring av korleis eit Havbruksfond skal innrettast, så Sogn og Fjordane fylkeskommune ser ikkje noko problem med at fordelingsnøkkel for utdeling av inntektene frå Havbruksfondet blir fastsatt sentral av departementet, og ikkje regionalt.

Fylkeskommunen ser at den kommunale planlegginga og tilrettelegging for nye areal til oppdrettsverksemd kan vere ein flaskehals for vidareutvikling av oppdrettsnæringa i fylket. Det er kommunane som har det viktigaste rolla som arealplanleggarar, og Sogn og Fjordane fylkeskommune står difor Departementet sitt framlegg om fordeling mellom fylkeskommunar og kommunar; 70 prosent til kommunane og 10 prosent til fylkeskommunane (20 prosent til staten).

Som utbetalingsmodell meiner Sogn og Fjordane fylkeskommune tal på det fysiske arealbeslaget er den modellen som i størst grad vil stimulere kommunane til å planlegge for nye og *større* akvakulturområde. Eit problem med eksisterande arealplanar er at akvakulturområda er for små, og at det må søkjast dispensasjon i veldig mange saker ved endring eller utviding av anlegg.

Ein utbetalingsmodell basert på lokalitets MTB vil òg vere rettvís i den forstand at kommunar med stor oppdrettsaktivitet får størst inntekter frå fondet, men vi vil peike på at kommunane si rolle er å planlegge sjøarealet, dei har ingen reell påverknad på kor stor produksjonskapasitet det blir gitt løyve til på den enkelte lokalitet (lokalitets MTB).

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner kommunane må få utbetalt sin del av fondet så snart pengane er innbetalt; direkte utbetaling annakvart år. Fordi det sikrar kommunane sitt handlingsrom til å disponere eigne inntekter frå fondet.

Vi meiner incentiveeffekten er tilstrekkeleg ivaretatt om fondet fordelast fullt ut etter fysisk arealbeslag eller eksisterande lokalitets MTB. Ei problemstilling departementet ikkje har diskutert er om kommunar som per i dag har, eller i framtida vil få, store areal definert som «branngater» burde bli tilgodesett på eit eige vis.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑